

Røter

(Terje Bråtveit)

Me røska opp røter i hundrede år
Me stridde med steinar i hundrede år
Me murte opp murar i hundrede år
Et slit i fattige kår

Me veita i myr og me rydda i skår
te hån do va sprokkjen og ryggjen va sår
Me rydda ein åker der før va ei skår
Der sådde me kodn nå vinter blei vår

Hogg treet i skogen og bygde opp ståve
Og veggjer va øksa og veggjer va gråve
Hogg treet i skogen og bygde opp låve
Og liv fylte stove og liv fylte låve

Alt liv så va skapt va 'kje skapt for å vare
Svolten gav sjukdom i vintrane harde
Et liv så va skapt drog for tidlig av garde
Me takka vår Gud for at han visste svaret

Men Dampen på vatnet gav tankjen litt fri
te løfta seg høgt øve dalar og li
Mot landet i vest - det med draumane i
bar bud om et håp - ei lokkeleg tid

Tufter og murar e alt så står att
Tufter og murar og buskar og kratt
Et opprusta grev ligge glømt og forlatt
Naturen tek åker og bøadn att

Arbeidaren

(Terje Bråtveit)

I overall så va stiv av steinstøv
med tjukke islender utenpå
du sjagga hemte i gummitesar
med alpehuo di litt på skrå

Du bjønnar heljo med vondt i håve
Det får du alltid av dynamitt
Men heile søndajen kan du broka
på dei så løfter opp livet ditt

Du slår tunnelar i harde fjedle
Du bryte vei for den nye tid
Du slår med feisel te armen dovnar
men ser et arbeid med meining i

For du fekk råd te å byggja huset
for deg og kåna og fira små
Ein draum du bar på si du va liten
For heimagarden sko bror din få

Du tente penger frå du va femten
på allslags arbeid så dokka opp
I kalde vintrar va du på skogen
Et slit så merkte ein onge kropp

Nå varmen kom va det grava grøfter
og få inn vatn i adle hus
Så blei det veien du sleit deg ut på
Du lempa steinar og spadde grus

Du brokte kroppen for vekst og velstand
så me så sjølsagt forlangar nå
Du brokte hakka og spa og krafsa
men såg at bilen va for dei få

Du blei erstatta av Brøyt og riggar
Du såg at tido di va forbi
men la et gronnlag for dine ongar
te få et liv med meining i

teser - låge, svarte gummisko med flat hel

Liv

(Terje Bråtveit)

Huset står stirer med svarte glas
Avflassa, gjese og kaldt
Her budde Liv te sin siste dag
Katten og Liv, det va alt

Liv va den øngste av søskjo fem
Blei att mens dei andre forsvann
For far blei så skral og mor så trøtt
Å reisa, det gjekk ikkje an

Blei moste og faste med kandisdrops
Ongadn takka og språng
te Besten og Besta så kvikna litt te
me badnabadno i fång

Før jul kom det brev te adle tri
adresserte te far og te mor
"Så godt de har Liv te å stedla hus
- Lev vel ! " helste søster og bror

Far nådde åtti og mor åttifem
nå Liv blei åleina igjen
Ingjen så ropte og ba 'ne om hjelp
Berre Jesus og katten som venn

Kommode og kista og stolar og bord
og skåpet med dekketøy i
blei frakta te slekto så budde i byn
Men huset fekk Liv på si tid

Hu sydde og vaska og spøtte te folk
Hu Liv va så lette å be
Hu gav te misjonen - så lite va att
då den siste dag stonda te

Huset står stirer med svarte glas
Gravemaskino står klar
Gångvei ska lagast der huset står nå
Men det sto der i Liv sine dar

Den sterkaste

(Terje Bråtveit)

Vog toogtjue merker då han blei fødd
Vog toogtjue merker då han blei fødd
Vog toogtjue merker då han blei fødd
Han sleppte 'kje pattadn før han va nødd
Neidå

Tok kampesteinløftet som komformant
Tok kampesteinløftet som komformant
Tok kampesteinløftet som komformant
Men salmeversoro di berre forsvant
Ja - dei va det verre med

Han blanda 'kje spriten nå han va på dans
Han blanda 'kje spriten nå han va på dans
Han blanda 'kje spriten nå han va på dans
Så vingla han rundt uten samling og sans

Og såg han ein Sandbu så drylte han te
Og såg han ein Sandbu så drylte han te
Og såg han ein Sandbu så drylte han te
Men jentedn tåtte 'kje møkje om det
Långtifrå

Han velta på steinar og veita ut myr
Han velta på steinar og veita ut myr
Han velta på steinar og veita ut myr
Og tutla åleina med sauer og kyr

Di fant han i fjoset med tesedn på
Di fant han i fjoset med tesedn på
Di fant han i fjoset med tesedn på
Han vart ikkje gammal - han vart ikkje grå
Ålvettes

teser - låge, svarte gummisko med flat hel

Odelsbonden

(Terje Bråtveit)

Solveig - den eldste av søskjo
va god hjelp i huset for mor
Hu vaska og baka og sydde
og passa på søster og bror
Han far va vekke på arbeid
og mor bar ein ny under bol
Om hender va herda av arbeid
va smilet som skinande sol

Sveinung va eldste på garden
Odelsgut - sterke og sunn
Blei opplært' te tenkja litt større
Det hadde sin sjølsagte grunn
For garden og generasjonar
i slekto te Sveinung va ett
Ei plikt så ligge og ventar:
Var tru mot odel og ætt

Så gjekk di beggje for presten
ein sommar så vakker og varm
Et smil øve kjørkjegolv
i leik så vidt borti ein arm

For oss va det enkelt
Det va hu og det va eg
Varme kjensler i djupet
då hu såg på meg

Di lærte å kjenna kvarandre
Såg for seg ein blømande gard
Men Solveig va ikkje i planen
te Sveinung si mor og sin far

For meg va det enkelt:
Det va berre ei
Men hu va ikkje god nok
så hu reiste i vei

Solveig fekk huspost i byen
Sveinung heldt garden i stand
Di stoppa og smilte og nikka
ein gong då di møttest på Sand

For det va ingjen andre
Det va du og det va eg
Så vart eg åleina
med draumen om deg

For det va ingen kø mor
Det va berre ei
Så vart eg åleina
då hu reiste sin vei

Di stoppa og smilte og nikka
Den gongen di møttest på Sand

Ursuldølen

(Terje Bråtveit)

Nå skoddo pakkar dalen inn
kjenner seg så trygg
Nå heila verdo rundt forsvinn
kjenner seg så trygg
Tutlar heima
Pøntar i hagen sin
Finne styrkje
kjenner seg så trygg

I djupe røter gror han fast
kjenner seg så trygg
Han finne fram - men har 'kje hast
kjenner seg så trygg
Nå skoddo lettar:
Stå på ein høge fjelltopp
Kikka hemte
kjenner seg så trygg

Med ord som hogne ut av fjell
kjenner seg så trygg
Kan seia frå om styr og stell
kjenner seg så trygg
Men styra skipet?
Vil 'kje bli offisiell
Det kan byfolk
kjenner seg så trygg

Nå andre ropar høgt i flokk
kjenner seg så trygg
Så tøkj'an ofta BRA er nok
kjenner seg så trygg
Føter planta
i fedranes tråkk
Bra er - skrøyt nok
kjenner seg så trygg

Så gravalvorlig står han der
kjenner seg så trygg
Fortel om folk og vind og ver
kjenner seg så trygg
Poenget kjeme
Heile hans ansikt lyser
Underfundig
kjenner seg så trygg

I djupe røter gror han fast
kjenner seg så trygg
Han finne fram - men har 'kje hast
kjenner seg så trygg
Nå skoddo lettar:
Stå på ein høge fjelltopp
Kikka hemte
kjenner seg så trygg

hemte - heimatt

Byfolk

(Terje Bråtveit)

Ingjen budeie på stødl
Kydn kjem aldri meir dit
Men hus trengje folk for å vara
Te byfolkje set me vår lit

For dei har jo påskje med feri
Og då må di reisa te fjells
og leiga ein støl av ein bonde
og sola seg lika te kvelds

På forhånd kjem all provianten
i kassar og sekkjer og spann
Og bonden må kløvja på øykjen
litt meir enn det kanskje går an

Om litt sige kløvo til sides
Ja, va det 'kje donderen likt
Må sorrast og jokkast og stramast
Ei søndaleg plåga e slikt

Og skaren ber øykjen med trugar
Men det vasar seg te e det likt
Og øykjen ligg baskar på magen
Ei søndaleg plåga e slikt

Nå byfolkjo kjem er det strøkent
Alt er på plass og i hus
Di skrøyter av bonden og stødl
Og byfolk og bonde blir dus

Ein dram og ein femtilapp får han
av urmakar Andersen Bryhn
Så kan han fortelja te adle
om urmakarvennen i byn

Som gribbar språng me opp te stødl
for smular ifrå byfolk sitt bord
Nivea, Primula og Nå-blad
Kun rester- men gledo va stor

øykjen - hesten

Slåtten

(Terje Bråtveit)

Slåtten kjem kvart år

Besten på slåmaskinsetet
Får hesten te spenna ifrå
Knivadvn skvatrar og kløpper
Graset blir hesjeklart nå
Besten slår reinar med stutturv
Slipa og kvedja og slå
Retta opp ryggjen og smila
Verdi i kvart einaste strå

Slåtten kjem kvart år

Far styrer traktor på bøen
Forhaustar freser bort gras
Fydler opp silo på silo
Hesten er fri for alt mas
Sån leiger folk og maskiner
Det blir det røndballar av
Reinar veks øve med krattskog
Besten må snu seg i grav

Slåtten kjem kvart år

Kraft i kvar ein dråpe

(Terje Bråtveit)

Si fjedlo e høge og veret e vått
så e me fornødde og har det så godt

Me samlar opp regn i store basseng
Me gjer det te kraft, og me gjer det te peng'

Før brokte di kadl te kvednar og sag
Nå svive turbinar kvar bidige dag

Kvar bonde har kraftverk og lid inga naud
Om kuno e slakta og kuno e daud

Regn i Suldal e jyselig' bra
Sol kan me kjøpa i Syden ein stad

Reinen renner i Dyraheio

(Terje Bråtveit)

Dei føste suldøler, dei va jegrar
og fanga reinsdyr i dyragrav
Då fekk di mat og di lagde huskor
og sydde kler itte den tids krav

Og reinen renner i Dyraheio
Og tider skifter, og tider går

Han gamle Rasmus i Udladalen
han hadde maten på fira bein
For va det kjøttmangel der i huset
han tok ein fjelltur og skaut ein rein

Og reinen renner i Dyraheio
Og tider skifter, og tider går

Te romantikken - den maskuline
han far tok sån' sin med på jakt
Men nå vil dattero skyta reinsdyr
då har 'kje far nåke han sko sagt

Og reinen renner i Dyraheio
Og tider skifter, og tider går

Det set ein oljemann inni byen
et billig mat, kjører dyre bil
Vil kjøpa jakto for millionar
Kan henda bonden blir litt i tvil

Men reinen renner i Dyraheio
Og tider skifter og tider går
Og reinen renner i Dyraheio
Og tider skifter og tider går

Der Låjen susar så stille

(Terje Bråtveit)

Der Låjen susar så stille
og nuten så staseleg står
bur Besten og badnabadne
ei jenta på sju - åtta år

Besten fortel ifrå tido :
Då bygdo va stor nok for han
Då verdo va vidle draumar
Då reiso va långe te Sand

Men hu har reist rundt på kloden
Sitt Mexico og Singapore
For hinna blir verdo liten
nå hu vekse opp og blir stor

Den gamle e glad for et godt liv
Den onge har planar for sitt
Om hu finne trivsel og meining
i bygdo e slett ikkje gitt

Men vatnet vil renna i Låjen
og nuten vil stå der han står
Men folkje - vil dei bu i dalen
dei kommande hundre år

Me trenge ein nabo som deg

(Terje Bråtveit)

Folk flest finne lykke i byen
så me blir nok aldri folk flest
For me tøkje live i bygdo
Det passsar oss bere enn best

Du kjeme hit nye frå byen
På alt vil du setja ditt preg
Vil røska opp urgamle vanar
Me trenge ein nabo som deg

Du kom ifrå landet langt borte
der fiendar vakta ditt steg
Du smiler og prøver å læra
Me trenge ein nabo som deg

Du har det du treng for å trivast
Nå me spørre, så e du 'kje treg
te låna bort hånd elle redskap
Me trenge ein nabo som deg

Du likar ein skikkelig krangel
og ein dag så rauk du på meg
Fortalde koss toskje eg bar meg
Me trenge ein nabo som deg

Du står i butikken i sentrum
Finne varer og sele og veg
Du pratar med adle så handlar
Me trenge ein nabo som deg

Du sår og du slår og du badlar
Driv med sauer og hårete kveg
Har traktor så store så løo
Me trenge ein nabo som deg

Du gløymer ut verdo omkring deg
nå du føst har komme i seg
der du sete og trøkkjer på PC
Me trenge ein nabo som deg

Folk flest bur i store byar
Gir pokker i naboen sin
Men me trenge kvar sjel så vil bu her
Så bry deg om naboen din